



Referat

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Møtenummer: 6/18
Møtetid: 26. november 2018 kl 0930-1400
Stad: Sogndal kommunehus
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

Faste deltakarar
Namn
Kjellaug Brekklus, Oddbjørn Ese, Olve Fossedal, Svein Arne Skuggen Hoff, Arne Johansen, Odd Arve Rakstad, Jarle Skartun, Steinar Søggaard, Jostein Aanestad
Forfall
Odd Arve Rakstad, Svein Arne Skuggen Hoff, Stig Arne Thune
Andre
Karina Nerland, dagleg leiar Vidar Trettenes, brannsjef Sogn brann og redning (SBR) IKS (sak 3) Øystein Furnes, leiar i legevaktsamarbeidet i Sunnfjord/prosjektleiar legevaktspilot (sak 4 – video) Anne Bogsnes, prosjektleiar/ny fylkesdirektør og Knut Steinar Eitungjerde, ass direktør/ ny direktør for avdeling for samfunnsutvikling for NAV Vestland (sak 5 – video)

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2	Referat frå siste møte, 5.11. Ingen kommentarar eller spørsmål.	
3	Bemanningsnorm og kompetansekrav i framtidens brannvesen. Det pågår utgreiingsarbeid og prosess i fylket. Høyringsrapport er sendt til kommunane og notat frå KS Frode Kyrkjebø var utsendt til møtet. Brannsjefen Vidar Trettenes i Sogn Brann og redning orienterte. Det kom fram motforestillingar til fylkesmodell grunna at ein mister nærleik, får store avstandar/reiseomkostningar og det vert behov for mellomleiarliv i ei slik løysing. Presentasjonen er lagt ved. SBR innfrir i dag krava som pårekeleg vil koma. Rådmennene oppmoda om at sørsida, i si utgreiing om samarbeid, også utgreier tettare samarbeid /kopling og ein regional modell med Sogn brann og redning. Det kan vera aktuelt å samarbeide om ein høyringsfråsegn. Det blir orienteringsmøte på Skei 5.12. Høyringsfrist 18. januar 2019.	

4	<p>Legevaktspilot, Øystein Furnes, leiar i legevaktsamarbeidet i Sunnfjord/prosjektleder orienterte om prosjektet: Søknad om piloten vart sendt 1. juni. Prosjektet fekk aksept for å få med fem kommunar til nivå 3 (som ikkje har legevakt på staden). Dei kommunane som vart valt ut: Hyllestad, Askvoll, Høyanger, Balestrand og Bremanger. Det vil bli følgjeforskning og ein nullpunkt analyse i 3-5 månader om status før oppstart av prosjektet.</p> <p>Pårekneleg oppstart 01.07.19. Sogn sin del: det vi får igjen er bakvaktordning for legevakt. Balestrand må løysast når dei går inn i Sogndal jf vedtektene i selskapet. Grunna oppbemanning på sjukepleiar får nivå 3 eigenfinansiering (om lag ein tredjedel), men det gjeld ikkje for dei to andre nivåa. Det går ut invitasjon for dei involverte i prosjektet til eit møte 11. desember i Førde om status no og arbeidet framover.</p> <p>Det kom spørsmål frå rådmannsgruppa om det kan etablerast ei referansegruppe slik at erfaringar frå prosjektet kan formidlast undervegs istadenfor å venta til endt prosjektperiode. Furnes tek innspelet med til prosjektgruppa. Det er også ei lokal arbeidsgruppe der to legar frå regionen er med.</p> <p>Furnes orienterte om at det ikkje er tenleg å endra legevaktstelefontenesta som fungerer for eit prosjekt som går over tre år. Potensial for å effektivisera , men telefonsentralane er integrert med tenestene i Lærdal og Nordfjord. Publikum ringer som før, det er legane som ringer til Førde. Tek tre år frå du er utdanna lege til du er vaktkompetent, derfor er bakvaktfunksjonen viktig.</p> <p>Det kom innspel frå rådmannsgruppa om å starte ytterlegare utgreiing om ein felles legevaktordning i Sogn. Jf arbeidet med kommunesamanslåing er det meste aktuelt at eit slikt arbeid må vente noko, ev nye tiltak og endringar i 2020 /2021. Temaet er aktuelt å drøfte nærare på eit seinare møte.</p>	
5	<p>NAV-Vestland, utviklingsarbeid i region Sogn I førre møte diskuterte NAV Vestland og rådmannsgruppa etablering av utviklingsprosjekt i region Sogn. Første utkast til mandat for utvikling av regionale utviklingsprosjekt og stillingsbeskrivelse for prosjektleder var utsendt til møtet.</p> <p>Tema for mandatet er: Etablere regional struktur på NAV-kontortenestene, ny giv for kompetanseutvikling, avdekke behovet til lokale og regionale bedrifter og næringar. Eit av hovudmåla er å flytta oppgåver, ressursar og kompetanse ut i organisasjonen, og på den måten få tenester med god kvalitet.</p> <p>Mandatet vart drøfta. Effektmål som bør vera med er at tenestene skal vera arbeidsretta og få folk ut i arbeid. Rådmannsgruppa var samd i at det blir ei styringsgruppe for kvar region og ønske om at dei blir lagt til rådmannsgruppa sine møte, og møteplanen blir sendt til NAV. Den overordna styringsgruppa bør ha meir balansert samansetjing der kommunane også er med. Bør ha representant frå kommunal og statleg tillitsvalde og at dei sjølve peiker ut sine representantar.</p>	

	Det vil bli tilsett prosjektleiar i kvar region. Prosjektleiarstillinga vil bli lyst ut internt i NAV, kor både kommunalt og statlege tilsette kan søkje. Vil tilsette prosjektleiar i kvar region.	
6	<p>Tilsyn arbeidsgjevarkontroll. Saka har vore drøfta dei siste møta. Skatt Vest er tydelege i si tilbakemelding. <i>SR-kommunane har behov for å samordna tilsynsaktiviteten sin i eit kontor med min 4 årsverk. Dette vil kunne ta dei 75-80 tilsyna som det er pålegg om. Ev kan ein søke eit endå større fellesskap, men 4-5 årsverk er minimum i høve fagleg tyngde og sårbarheit. I ei framtid med ytterlegare digitalisering og krav til fagleg innsikt er det ikkje noko løysing med den både og løysinga som ein no baserar seg på.</i></p> <p>Årdal/Lærdal har arbeidd vidare med saka og dei går for eit opplegg i Lærdal. Dette inneber at skatteoppkrevjaren i Lærdal tek det overordna ansvaret. På sikt vil stillingane bli samla i Lærdal. Med fire tilsette får tenesta større fleksibilitet og blir mindre sårbar. Framdriftsplan er oppstart frå 1.6.2019. Budsjettet: ca kr 36 000 pr kontroll. Kr 1,5 mill i 2019, kr 2,8 i eit normalår.</p> <p>Nye Sogndal kommune har gitt melding om at noverande avtale blir sagt opp. Det går om kort tid skriv til kommunane om den nye løysinga. Sogn regionråd blir orientert om saka i neste møte. Det blir laga utkast til avtale til neste møte i rådmannsgruppa.</p>	Arne/Jarle
7	<p>KS- Debattheft, lønsoppgjeret 2019. Personalnettverket blir bedne om å gje innspel til rådmannsgruppa.</p>	
8	<p>Møteplan for 2019: 29. januar – 2. april – 27. mai – 27. august - 15. oktober – 19. november. (tilpassa SR sin aktivitet.)</p>	
9	<p>Referatsaker. Avtale drift av GIS-løysing – applikasjonsdrift Avtalen mellom dei åtte kommunane og Norkart vart utsendt til møtet og signert.</p> <p>Samarbeid om kommunepsykologar Status i arbeidet. På møtet med nettverket for helse og omsorg (referansegruppa) kom innspel om eit arbeidsmøte i januar med dette nettverket og ev. med fleire deltakarar frå kommunane. Arbeidsmøte blir 11. januar 2019. Det inneber at arbeidet vil bli utvida/få større omfang. Viser også til utsende spørsmål til kommunane med frist 7.12.2018.</p> <p>Ultralydutstyr – saka er sendt til kommunane for handsaming.</p> <p>Næringsvenleg region, framdrift, forprosjektet vert starta opp etter nærare avklaringar.</p> <p>Arkivordning fylkeskommune: Kommunearchivordning, avtalejustering til handsaming i kommunane.</p>	

	<p>Kommuneopplegg i endeleg statsbudsjett Eigedomsskatt</p> <p>Ras og flaum - risikoområde Manglar tilbakemelding frå Vik, Lærdal og Luster</p> <p>Klimatilpassing som miljøteknologisatsing: Kontakt for intervju kan gå direkte til jordbruksjefar og næringsjefar.</p> <p>Karrieremesser 2019 – eige arrangement: Arbeidsgruppa har diskutert opplegg for arrangement som blir same dag som Framtidsfylket si karrieremesse Bergen 13.2.2019. Det vil gå invitasjon til kommunale leiarar og ev. medarbeidarar til å halda innleiing. Det går info til RG. Kontakta dei aktuelle direkte, med info til rådmannsgruppa.</p> <p>Helse og omsorgsforum. Forumet for Sogn og Fjordane er nedlagt. Samhandlingskoordinator kan inviterast til seinare møte i rådmannsgruppa.</p> <p>Seminar om integrering og inkludering: Aktuelle dagar er 26. eller 27.2.2019. Info kjem seinare.</p>	
--	--	--